



4. klasse lærer om valet

Alt tyder på at valframmøtet i Uskedalen blir betraktelig større enn for 4 år sidan, då det stoppa på 59 prosent. Då vallokalet i Aktivitetshuset hadde vore ope i 2 timar hadde 80 stemt medan 60 hadde gjort borgarplikta si etter like lang tid under det førre valet.

Sett i smanheng med at 85 av 763 røysteføre frå Uskedalen stemte på førehand mot 60 sist lovar dette bra. Det blir spanande å sjå om ein når 70 prosent!



[Klara Døsmland \(94\) - eldst i bygda og eldst ved urna.](#)

Det var helst den eldre generasjon som naturleg nok kom frå starten og ein av dei som stemte var den eldste i bygda, 94 år gamle Klara Døsmland.



Ein av førstegongsveljarane var Alexander Rebaudo

Først etter nesten 5 timar kom dei første førstegongsveljarane, men til gjengjeld var dei 6 18-åringar på ein gong: Vegard Døssland, Alexander Rebaudo, Silje Bråtun, Silje Mathiesen, Birgitte Hjelmeland og Ingvill Traavik Sture. Talet på førstegongsveljarar hadde auka frå 45 til 58. Stemmestyret denne gongen var Åse Myklebust Neset, Bjørgulv Eik, Brit Arnesen og Steinar Kroka og som sist gjorde leiar og lærar Åse ein stor pedagogisk innsats med kjapp rettleiing slik at valet gjekk raskt og smertefritt unna. Det galdt også då det vart ein liten køtendens utover ettermiddagen.

Høgdepunkter var det då to av klassene på skulen opplevde valet - den eine sogar Åses 'eigen' fjerdeklase' med 19 elevar - og den andre dei 14 tredjeklasse-elevane som var leia av Astrid Elisabeth Amundsen. Elevane var engasjert med på den spesielle timen.

Også denne gongen var urna frå 1903 laga av Drammens Jernstøberi i bruk. Urna er med andre ord laga 2 år før oppløysinga av unionen med Sverige og det betyr at dei to lands felles emblem er å finna på framsida.

Forøvrig viste huset seg også denne gongen veileigna til føremålet, med inngang til kommune- og fylkestingsvalet frå sjøsida og til kyrkjevalet frå hovudinnganen. Men det var fysisk samband mellom dei to vala, noko som hadde ein gunstig effekt for kyrkjevalet. Garderobane gjorde teneste som avlukke.

Val-leiinga i Kvinnherad stillar stadig store krav til mannskapa ettersom heile stemmestyret må gjera teneste i alle dei åtte timane valet varer. Andre stader, til dømes under kyrkjevalet på andre sida av veggen, køyrde dei på skift. Heller ikkje er det lagt opp til nokon matsservering i offentleg regi og det private næringsliv trådte difor støttande til.

Her var det også ein interessant skilnad mellom dei to vala: I kyrkjevalet var det rikeleg servering,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen